

Constrada
Nesttunvegen 102
5221 NESTTUN

Vår dato: 09.02.2017
Vår ref.: 201700324-3
Arkiv: 323
Dykkar dato: 16.01.2017
Dykkar ref.: 16/191656-2

Sakshandsamar:
Toralf Otnes

Innspel til varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Fv245 Fosse- Moldekleiv - GBnr 25/170 mfl - Meland kommune

Vi syner til brev frå Statens Vegvesen datert 16.01.2017. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Fv245 Fosse Moldekleiv i Meland kommune

Ved eventuelle kryssingar av bekkane må bruer og kulvertar planleggast med tilstrekkeleg kapasitet. Hyppigare episodar med ekstremnedbør har ført og vil ytterlegare føre til auka skadar som følgje av overvassflaumar. Tilstopping av bruer og kulvertar kan føre til at flaumvatnet tek nye vegar på overflata langt unna naturlege bekkelaup, og gi store skadar på bygningar nedanfor. For alle vassdrag med nedslagsfelt mindre enn ca. 100 km² må en rekne med minst 20 % auka flaumvassføring i løpet av dei neste 50 – 100 år.

Ein høgspenteledning som er ein del av regionalnettet kryssar planområdet ved Moldekleiv. Sentral- og regionalnettanlegg, transformatorstasjonar og andre større kraftleidningar som treng konsesjon etter energilova er unnateke frå PBL. Slike større høgspenningslinjer og transformatorstasjonar skal settast av som omsynssoner (PBL § 11-8 d/kode H740) i plankartet.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

